



**NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA**  
**ÅRSMELDING FOR 2010**

## INNLEIING – GENERELL OMTALE

**N**ASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA, Nynorsk-senteret, er godt i gang med dei fleste aktivitetane i oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet til senteret for 2010–2011. Oppdragsbrevet og tiltaksplanen til senteret (2009–2012) er samordna på den måten at dei fleste av tiltaka i planen frå 2010 er innlemma i aktivitetane i oppdragsbrevet og blir rapporterte under resultatmåla i oppdragsbrevet. Senteret har brukt mykje tid og ressursar på aktivitetane i tiltaksplanen og oppdragsbrevet i 2010, og ein har brukt ein god del av midlane som har vore overførte frå tidlegare år. I 2011 vil det verte bruk for endå meir ressursar når alle aktivitetane og tiltaka er i gang. Nynorsksenteret er godt nøgd med tiltaksplanen.

Nettstaden til Nynorsksenteret er utvida og betra i 2010, og informasjon om Nynorsksenteret finn ein både på Facebook og Twitter. Nynorsksenteret har laga ein plan for formidling av gratis ressursar og støttemateriell. Planen er godkjend av Utdanningsdirektoratet, og planen vert sett ut i livet komande år. Ved å satse på eit breitt tilbod av nettressursar på nynorsk, vil senteret kunne vere med og styrke ny-norskopplæringa over heile landet. På nettstaden kan lærarar og fôr-skulelærarar finne ressursar for betre nynorskopplæring for alle steg i grunnopplæringa, i tillegg til språkstimuleringsressursar for barnehagen. I 2010 har særleg tilboden av nettressursar til fôrskulelærarar og lærarar på dei første stega i grunnskulen vorte større. Samarbeid med animasjonsutdanninga ved Høgskulen i Volda har vore nyttig for Nynorsksenteret på dette området. Senteret har utarbeidd eit oversyn over ressursar for leik og læring på nynorsk for barnehagen som er tilgjengeleg på nettstaden. Av særleg populære ressursar kan ein nemne «På nynorsk», eit undervisningsopplegg i nynorsk, og teikneserie-sidene som har nynorske teikneseriar med tilhøyrande undervisningsopplegg.

Nynorsksenteret har i 2010 samarbeidd med dei andre nasjonale sentra om å utvikle ein plan for felles kommunikasjon og formidling for å gjere arbeidet til dei nasjonale sentra betre kjent. Nynorsksenteret har vore med på å planleggje og gjennomføre å utvide og endre NOLES-nettverket til også å omfatte fagtilsette i UH-sektoren i andre fag enn norsk. Denne endringa vert gjort for å styrkje lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter i alle fag.

På nettstaden til Nynorsksenteret finn ein oversikt over relevante forskingsartiklar. Dei tilsette har høve til å halde seg oppdaterte på forskings- og utviklingsarbeid som er relevant for senteret sitt arbeidsområde, til dømes ved å vere med på kurs og konferansar. Nynorsksenteret har gjeve Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet innspel om behov for ny kunnskap som verkar inn på formidling, utvikling og politikkutforming for å styrkje nynorsk-opplæringa.

Nokre aktivitetar og tiltak har vist seg å vere tyngre å få til enn andre. Arbeidet med å utvikle materiell på nynorsk for yrkesfagleg utdanningsprogram er planlagt, men ikkje gjennomført enno.

I 2010 har Nynorsksenteret tretten tilsette: fem i full stilling og resten i delstillingar frå 10 til 60 prosent. I 2010 har alle tilsette på senteret fått kontorplass i Lettbygget på Høgskulen i Volda. Samlokalisering har ført til betre samarbeidstilhøve for dei tilsette ved Nynorsksenteret.

Takk til alle me har samarbeidd med i 2010.

Volda 14. januar 2011

Anne Steinsvik Nordal

# FELLES MÅL FOR DEI NASJONALE SENTERA I 2010

## **1. Læreplanrelatert verksemd**

Nynorsksenteret hadde ingen oppdrag i høve til læreplanrelatert verksemd i 2010.

## **2. Formidling og rettleiing**

- 2.1 *Utvikle og iverksette felles retningslinjer for kommunikasjon og formidling i samråd med direktoratet*

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har i samarbeid med andre nasjonale senter utvikla ein plan for felles kommunikasjon og formidling. Planen skal gjere arbeidet til sentera betre kjent mellom lærarar og førskulelærarar, og ein reknar med å setje planen i verk frå 2011.

### **Måloppnåing**

Samarbeidet mellom fleire senter om kommunikasjon og formidling er godt i gang, og vil verte endå betre i komande år.

- 2.2 *Sentrene skal utvikle felles strukturer for organisering av innhold og tjenester på nett og etablere en fast samarbeids-ordning for utvikling og publisering av nettbaserte ressurser. Nettjenestene skal være samordnet med direktoratets nettjenester*

### **Aktivitet**

Senteret har vore med på å utvikle ein plan for felles strukturar og organisering av innhald og tenester på nettet. Framsida til vevstaden er planlagt endra i samsvar med denne planen. Utveksling av metadata med skulenettet og andre nasjonale senter har også vore med i planlegginga, og senteret arbeider no med korleis dette skal gjennomførast.

## Måloppnåing

Arbeidet med felles strukturar og organisering av innhald og tenester på nettet er i gang.

- 2.3 *Utvikle, systematisere og formidle gratis ressurser og støttemateriell. Særlig oppmerksomhet skal rettes mot behovet for ressurser om grunnleggende ferdigheter og individuell vurdering i hele grunnopplæringen.*

## Aktivitet

Nynorsksenteret har laga ein plan for formidling av gratis ressursar og støttemateriell.

## Måloppnåing

Det er særleg lagt vekt på å styrke grunnleggjande ferdigheiter og individuell vurdering av lesing og skriving på nynorsk, og me er nøgde med arbeidet me har fått gjort i år. Nettressursen *Typisk nynorsk*, som er laga spesielt for å styrke grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og munnleg, er klar til å leggjast ut på nettstaden. Dei andre ressursane som er viste til er godt etablerte, men bør få fleire brukarar. Ressursane har ulike målgrupper, frå barnehage til vidaregåande opplæring. Betre utvikla samarbeid med andre senter og Utdanningsdirektoratet om formidling av ressursane er eit mål for vidare arbeid. Til dømes vil me arbeide for at lenkjer til ressursane vert godt synlege både på andre senter sine nettstader og på Utdanningsdirektoratet sine nettsider. Nynorsksenteret ynskjer også å samarbeide med direktoratet om distribusjon av bladet *Nynorsk-opplæring* til fleire skular og lærarar.

## **Lenkjer til tilleggsinformasjon**

- Nynorskkurset *På nynorsk*: [www.nynorsksenteret.no/kurs/](http://www.nynorsksenteret.no/kurs/)
- Filmane *I praksis: sidemål*: [www.nynorsksenteret.no/ipraksis/](http://www.nynorsksenteret.no/ipraksis/)
- Teikneseriar med undervisningsopplegg: [www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/](http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/)
- Tips om nye, gode nynorskbøker: [www.nynorskbok.no/](http://www.nynorskbok.no/)
- *Tekstbasen*, ei samling av nynorske sakprosatekster til bruk i grunnskulen og vidaregåande opplæring: [tekstbasen.nynorsksenteret.no/](http://tekstbasen.nynorsksenteret.no/)
- Bladet *Nynorskoplæring* kjem ut tre gonger per år. Senteret får svært gode tilbakemeldingar på bladet. Det vert distribuert i papirutgåve til vel 1100 abonnementar, og bladet ligg også på nettstaden: [www.nynorsksenteret.no/blad/](http://www.nynorsksenteret.no/blad/)
- Nettside med eit stort utval song og musikk til bruk i nynorsk-undervisninga: [www.nynorsksenteret.no/musikk/](http://www.nynorsksenteret.no/musikk/)

**2.4 Utvikle nettbaserte ressurser for arbeid med grunnleggende ferdigheter og individuell vurdering i videregående opplæring, yrkesfaglige utdanningsprogrammer.**

### **Aktivitet**

For yrkesfagleg utdanningsprogram har senteret under arbeid praksisnært støttemateriell.

### **Målloppnåing**

Senteret har ikkje fått gjort tilgjengeleg støttemateriellet i 2010. Det første resultatet av arbeidet skal leggjast ut på nettet i vårhalvåret 2011.

**2.5 Lage en oversikt over eksisterende pedagogiske ressurser i barnehage med relevans for Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.**

### Aktivitet

Senteret har utvikla ei oversikt over ressursar for leik og læring på nynorsk for denne aldersgruppa. Oversikta ligg på nettstaden til Nynorsksenteret.

### Måloppnåing

Nynorsksenteret er godt i gang med arbeidet for å gjere ressursane kjende for målgruppa førskulelærarar.

### Lenker til tilleggsinformasjon

- Sjå opplegg, idear, filmar, teikneseriar m.m. på ressurssidene om nynorsk for dei minste: [www.nynorsksenteret.no/born](http://www.nynorsksenteret.no/born)
- Språkstimulering for barnehagen på aktivitetssidene *Les for meg*: [www.nynorsksenteret.no/lesformeg/](http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/)

### 3. Kompetanse og kvalitet

**3.1 Drifte og lede nettverk for kompetanseutvikling – nasjonal satsning for kompetanseutvikling.**

### Aktivitet

Nynorsksenteret har vore med på å leie og drifte NOLES-nettverket. Nettverket har endra og utvida arbeidsområdet frå norskfaget til også å omfatte grunnleggjande ferdigheter i lesing og skriving i alle fag.

### Måloppnåing

NOLES har gjennomført ei samling i 2010, og hatt fleire planleggingsmøte for den framtidige verksemda.

## **Lenkjer til tilleggsinformasjon**

- [lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/](http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/)

3.2 *Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren/lærerutdanningen om kompetanseutvikling for lærere.*

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har gjeve støtte og rettleiing til tilbydarane i UH-sektoren/lærarutdanninga ved å informere om Nynorsksenteret sine nettressursar og om erfaringane frå utviklingsprosjekta senteret har i gang for styrke nynorskopplæringa i grunnopplæringa.

### **Måloppnåing**

Fleire lærarutdanningsinstitusjonar på ulike kantar av landet, har etterspurd didaktiske opplegg for lærarstudentar som tek føre seg nynorskopplæring. Nynorsksenteret har i samarbeid med UH-sektoren delteke i dette arbeidet på fleire nivå i lærarutdanninga.

Mellom anna i Trondheim, Tromsø og Bergen har tilsette informert om senteret sitt arbeid og hatt forelesingar i samarbeid med tilsette i UH-sektoren. Særleg har kursa om skriving i samansette tekster på nynorsk vore populære, og i alt har ein hatt ti slike samarbeid med lærarutdanninga.

3.3 *Gjennomføre kvalitetsutviklingstiltak knyttet til fagdidaktisk virksomhet på sentrenes fagområder med særlig oppmerksomhet på individuell vurdering og grunnleggende ferdigheter*

1. *Bistå skoleeiere i å utvikle kvalitetsutviklingstiltak*
2. *Ta initiativ til kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med skoleeiere og UH-sektoren/lærerutdanninga*

## Aktivitet

Nynorsksenteret har gjennomført kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med skuleeigarar, særleg gjennom utviklingsprosjekta som senteret driv. Nokre tilsette på senteret har vore aktivt med i *Nasjonalt nettverk for elev- og lærlingvurdering* og driv utviklingsarbeid på dette området i samarbeid med Høgskulen i Volda. Målet var å få til ein meir heilskapleg kompetanseutvikling for skuleleiarar, lærarar og anna pedagogisk personale i den 13-årige grunnopplæringa.

Nynorsksenteret har framleis etterspørsel etter kurs og kompetansehevingsinnlegg for lærarar. I 2010 har det særleg vore spørsmål om motivasjon og informasjon om nynorsk barne- og ungdomslitteratur i opplæringa. Dei andre kurstilboda som Nynorsksenteret har, er også etterspurde. Senteret får ofte spørsmål frå lærarutdanningsinstitusjonar om å informere om senteret sitt arbeid og om å samarbeide om kvalitetsutviklingstiltak på senteret sitt fagområde.

## Måloppnåing

Nynorsksenteret har gjennomført kvalitetsutviklingstiltak på området nynorsk i opplæringa for skuleeigarar og UH-sektoren/lærarutdanninga, og informert om senteret sitt arbeid på møte og konferansar.

## Lenker til tilleggsinformasjon

Område der ein finn informasjon om kompetanseutviklingstiltak frå Nynorsksenteret:

- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13358](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13358)
- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13481](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13481)

3.4 *Sentrene skal bidra i nasjonale satsninger i regi av Utdanningsdirektoratet.*

### Aktivitet

Nynorsksenteret har vore med å planleggje eit lese- og skrivenettverk i samarbeid med Lesesenteret og Skrivesenteret. Nettverket skal gjennomføre kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med UH-sektoren, fylkes- og kommunenivå.

### Måloppnåing

Planlegginga av arbeidet i nettverket har kome i gang.

## 4. Forskning, dokumentasjon og analyse

4.1 *Kjenne til og bruke relevant forskning i sentrenes arbeid for og i sektoren og tilrettelege for kunnskapsnettverk.*

### Aktivitet

Tilsette på senteret held seg oppdaterte på relevant forsking gjennom lesing av faglitteratur og tek del på kurs og konferansar. Nynorsk-senteret har laga ei oversikt over akademiske tekster på nettstaden til senteret. Senteret arbeider med å utvide og betre oversikta.

### Måloppnåing

Tilsette på senteret er oppdaterte på relevant forsking gjennom aktivitet som er tilrettelagt av senteret. Tilsette bruker relevant forsking i samarbeid med Lesesenteret og Skrivesenteret for å få til kunnskapsnettverk i sektoren.

### Lenker til tilleggsdokumentasjon

- NOLES: [lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/](http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/)
- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13325](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13325)

- 4.2 *Samle, systematisere og spre resultater fra forsknings- og utviklingsarbeid i grunnopplæringen etter særskilte bestillinger fra direktoratet.*

*Sentrene skal være i dialog med direktoratet før igangsettelse av evt. egne spørreundersøkelser og studier i sektoren for å hindre dobbeltarbeid og minske belastningen i sektoren.*

#### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har ikkje fått særskilte bestillingar på dette området frå direktoratet i 2010.

- 4.3 *Bidra i forsknings- og analyseoppdrag etter oppdrag fra direktoratet*

Nynorsksenteret har ikkje hatt forskings- og analyseoppdrag frå direktoratet i 2010.

## **SPESIFIKKE MÅL FOR NYNORSKSENTERET**

*Vidareføre og vidareutvikle FoU-prosjekt i lesestimulering og lese- og skriveopplæring i og på nynorsk (jf. tiltaksplanen 2009–2012). Prosjekta går ut på:*

- ”*Les for meg*” – språkstimulering på nynorsk for barnehagebarn og barn i dei første åra i grunnskolen

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har i gang tolv prosjekt for språkstimulering i barnehagen. Prosjekta er knytte til *Les for meg*-prosjektet og er planlagt å vare i tre år. På barnesteget er det elleve prosjekt i gang, og nokre av dei vil halde fram i to år til.

### **Resultat**

Barnehagane les nynorsk barnelitteratur og førskulelærarane får kompetanseheving i språkstimulering. Å bruke ressursane på nettstaden til Nynorsksenteret er ein del av opplegget for prosjektet.

Dokumentasjon av arbeidet med språkstimulering i barnehagen vert lagt ut på nettstaden i 2011. Nynorsksenteret arbeider også med å dokumentere språkstimuleringsprosjekta med ein film om emnet.

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

- Leseprosjekt barnehage:  
[www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13444](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13444)
- Leseprosjekt barnesteget:  
[www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493)

- *Tidleg start – nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål på barnetrinnet*

### Aktivitet

*Tidleg start*-prosjekta er sette i gang i samarbeid med Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Østfold.

### Resultat

Nynorsksenteret har fått i gang to prosjekt med *tidleg start* – nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som hovudmål på barnesteget. Nynorsksenteret arbeider for å få i gang fleire *tidleg start*-prosjekt.

### Lenkjer til tilleggsdokumentasjon

Om *tidleg start*-prosjekt i Bergen:

- [www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU\\_rapport/Hilde-Traavik\\_VerdaSnudd.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/Hilde-Traavik_VerdaSnudd.pdf)

Rapporten om *tidleg start*-prosjektet i Våland, Stavanger vert lagt ut på nettsida om utviklingsprosjekt i 2011.

- *Bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole*

### Aktivitet

Nynorsksenteret har i gang fem prosjekt med bruk av lærebøker og læringsressursar i andre fag enn norsk på ungdomsskuletrinnet og i vidaregående opplæring. I september møttest representantar for fleire prosjektskular til arbeidsseminar i Volda. Prosjekta skal vare ut 2012.

## **Resultat**

På ein av prosjektskulane uttalar ein lærarar i prosjektet at «eg har sjeldan hatt ei klasse som er så positiv til sidemålet sitt» (sjå lenkje til dokumentasjon). Meir dokumentasjon vil kome når prosjekta har gått over lengre tid.

## **Lenkjer til tilleggsdokumentasjon**

- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13486](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13486)
- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&displayitem=2001&module=news](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&displayitem=2001&module=news)
- *Skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring*

## **Aktivitet**

Det er sett i gang åtte prosjekt om skriving i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål. Desse prosjekta legg hovudvekt på skriving som grunnleggjande ferdighet og skriveopplæring også i andre fag enn norsk. Dei fleste skulane brukar hefta *Skriv-skriking som grunnleggende ferdighet* av Berge, Gedde-Dahl og Øgreid. Heftet gjev ei enkel og god innføring i fagskriving.

Skulane som er med på prosjekta var samla på seminar i Volda der skriving i fag var tema for samlinga. Dei fekk innføring i skriving i naturfag av Marianne Ødegard frå Naturfagsenteret og i «Tenkjeskriving og presentasjonsskriving» av Torlaug Løkensgard Hoel. Prosjektet er planlagt å gå over tre år.

## **Resultat**

Eitt av skriveprosjekta er granska av Møreforsking, og dokumentasjon av prosjektet finn ein på nettstaden til Nynorsksenteret under (sjå adressa under). Dette er ei granskning av kva elevane i

tre klasser på studieførebuande program, to klasser på idrett og ei klasse frå teknisk allmennfag har som utgangspunkt når dei tek til på prosjektet «Med nynorsk til betre skriving – og med skriving til betre læring». Måla for prosjektet er:

- å gjere elevane til betre og tryggare nynorskbrukarar og til betre og meir reflekterte skrivrarar
- å utvikle ein modell som aukar både skrivinga og refleksjonen rundt eiga og andre si skriving

Prosjektet har vekt på skriving i alle fag, og tanken er at betre skriving skal medverke både til bevisstgjering og kompetanse i nynorsk og til betre skriving generelt.

### **Lenkjer til tilleggsdokumentasjon**

Om prosjekta med skriving i fleire fag:

- [www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU\\_rapport/2010\\_Moreforsk\\_VoldaUngdomsskole.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/2010_Moreforsk_VoldaUngdomsskole.pdf)

*Arrangere seminar retta mot skoleeigarar og lærarar for å informere om og rekruttere deltakarar til prosjekta «Les for meg» og «Tidleg start»*

### **Aktivitet**

I *Les for meg*-prosjekta har ein arrangert seminar i Bergen i september for førskulelærarar og lærarar på dei lågaste stega i grunnskulen. I samband med *tidleg start* har ein mellom anna hatt kontakt med skular i randsoneområde. Førebels er tre prosjekt i gang.

### **Resultat**

Tjue barnehagar er totalt med i prosjekta. I ein kommune er alle dei sju barnehagane i kommunen med. På dei lågaste stega i grunnopplæringa er det elleve leseprosjekt som er med i opplegget rundt *Les for meg*.

## **Lenkjer til tilleggsdokumentasjon**

Om leseprosjekta i barnehagen:

- [www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&lang=nyn&displayitem=2003&module=news](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&lang=nyn&displayitem=2003&module=news)
- [www.nynorsksenteret.no/born/](http://www.nynorsksenteret.no/born/)

*Vidareutvikle nettressursar for leik i og på nynorsk i barnehagen for pedagogisk personale (jf. tiltaksplanen 2009-2012)*

## **Aktivitet**

Nynorsksenteret har utvikla fleire nettsider med ressursar for leik og læring på nynorsk. Til dømes: songar og musikk, tekstar og boktips, animasjonsfilmar og teikneseriar, side for barn, fagstoff og bakgrunnsartiklar, opplegg og idear (sjå også felles mål for sentra).

## **Resultat**

Nettsidene med ressursar er tekne i bruk i fleire barnehagar:

- Les for meg!: Har 6 710 unike brukarar, ein auke på 81 % frå året før.
- Nynorsk for dei minste: 3 105 (lansert sumaren 2010)

## **Lenkjer til tilleggsdokumentasjon**

- [www.nynorsksenteret.no/lesformeg/](http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/)
- [www.nynorsksenteret.no/born/](http://www.nynorsksenteret.no/born/)

*Utvikle nettressursar for lærarar til bruk i opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn (jf. tiltaksplanen 2009–2012)*

### **Aktivitet**

Senteret har, i samarbeid med lærarar med røynsle frå feltet, fått laga nettressursar til bruk i opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

### **Resultat**

Læringsressursane snart klar til å leggje ut på nettstaden. Ein arbeider med å få løyve til å bruke illustrasjonar og bilete til ressursane. Dei vert lagde ut første halvår i 2011.

*Utvikle nettressursar på nynorsk for lærarar som arbeider med vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn (jf. tiltaksplanen 2009–2012)*

### **Aktivitet**

Senteret har laga ei nettside med ei samling av alle dei tilgjengelege nynorske nettressursane for minoritetsspråklege.

### **Resultat**

Oversynet er publisert.

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

- [www.nynorsksenteret.no/minoritetar](http://www.nynorsksenteret.no/minoritetar)

*Formidle eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet til bruk for lærarar som ein del av tilrettelegginga for yrkesfaglege utdanningsprogram (jf. tiltaksplanen 2009–2012)*

### **Aktivitet**

Senteret har vore i kontakt med lærarar på yrkesfag for å kartleggje kva slike ressursar dei treng. Ingen har kome med attendemelding om at det er noko dei saknar.

### **Resultat**

Ut frå attendemeldingane frå lærarane har Nynorsksenteret avslutta arbeidet med slike tekstar.

*Vurdere korleis fleire eksisterande nettressursar på bokmål kan bli gjort tilgjengelege på nynorsk*

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har vurdert korleis fleire eksisterande nettressursar på bokmål kan gjerast tilgjengelege på nynorsk.

### **Resultat**

Nynorsksenteret har sendt rapport til direktoratet. I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane var Nynorsksenteret i 2008 med på å utarbeide rapporten *Under stadig utvikling*, ei granskning av kva som fanst av digitale lærermiddel på begge målformer. Denne rapporten er grunnlag for vurdering av korleis fleire eksisterande nettressursar kan verte tilgjengelege på nynorsk.

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

- [www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/digital-rapport-809.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/digital-rapport-809.pdf)

*Dokumentere og vurdere FoU-prosjekt for bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole (jf. tiltaksplanen 2009–2012)*

## Aktivitet

Nynorsksenteret samarbeider no med fem skular med prosjekt der elevane bruker lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for å styrke nynorskopplæringa.

Mål med prosjektet: Nynorsksenteret ønskjer å undersøkje korleis arbeid med nynorske tekstar i andre fag enn norsk kan vere med på å styrke dei grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. Vi ønskjer òg å undersøkje om arbeid med nynorsktekstar i andre fag enn norsk kan vere med å påverke språkkompetansen i norskfaget, jamfør kompetansemåla i norsk, der bokmål og nynorsk er likestilte.

«(...) lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri» (Kompetansemål i skriftlege tekstar etter 10. årstrinn)

## Resultat

Senteret har fått inn dei første planane frå prosjekta med nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål. Skulane har lagt sine eigne planar for prosjekta og det er noko ulike måtar å drive prosjekta, noko som vil kome fram i dokumentasjonen, men målet for alle prosjekta er å lære å lese og skrive nynorsk i andre fag enn norsk. Kolvikbakken ungdomsskole og Holmlia skole er dei som har vore med lengst i slike prosjekt. Dokumentasjon frå desse prosjekta finn ein på adressene under.

## **Lenkjer til tilleggsdokumentasjon**

- Om prosjektet ved Kolvikbakken ungdomsskule i Ålesund:  
[www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&lang=nyn&displayitem=2001&module=news](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13391&lang=nyn&displayitem=2001&module=news)
- Film frå Holmlia ungdomsskole:  
[www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-larebok-i-krl/](http://www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-larebok-i-krl/)

*Dokumentere og vurdere FoU-prosjekt om skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring (jf. tiltaksplanen 2009–2012)*

## **Aktivitet**

Målet for prosjekta er: «Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk gjennom bruk av læremiddel og læringsressursar på nynorsk i fleire fag» (frå tiltaksplanen for Nynorsksenteret).

Det er i gang prosjekt med skriving som grunnleggjande ferdighet på sju skular på ulike stader i landet, i tillegg til alle skulane i Nesset kommune. Prosjekta vart sette i gang hausten 2010. Nynorsksenteret hadde skriveseminar for lærarane som start på prosjekta.

## **Resultat**

Dei første undervegsrapportane frå prosjekta er komne inn, og tilsette på senteret arbeider no med å samle erfaringar til dokumentasjon av prosjekta.

*Bidra til Senter for skriveopplæring og skriving si utprøving/ prepilotering av ulike typer utvalsprøver i skriving på 5. og 8. trinn (jf. oppdrag 01-09 frå Kunnskapsdepartementet til direktoratet og nærmare føringar i avtale med vedlegg)*

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har ikkje vore med på utprøving/prepilotering av utvalsprøver i skriving.

### **Resultat**

Nynorsksenteret ventar på spørsmål om deltaking og har sendt spørsmål om oppdraget til Skrivesenteret, men samarbeidet har enno ikkje kome i gang.

*Samarbeide med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriving om vidareføring av kompetansenettverket NOLES.*

### **Aktivitet**

(Jamfør med felles mål 3.1.)

Samarbeidet mellom Skrivesenteret, Lesesenteret og Nynorsksenteret vart vidareført i 2010. Ein del tid gjekk med til planlegging av nyordning av nettverket, slik at det kan utvidast med medlemmer frå fleire fag i lærarutdanninga.

### **Resultat**

Ei samling i nettverket i 1. og 2. februar 2010 med tema «Skriving i alle fag». Det var 26 deltararar på samlinga.

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

- [lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/samlinger/article9165-4181.html](http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/noles/samlinger/article9165-4181.html)

*Spele inn til ei justering av tiltaksplanen for senteret som er i pakt med mandatet og oppdragsbrevet for 2010 og 2011*

### **Aktivitet**

Nynorsksenteret har kome med forslag til justeringar av tiltaksplanen som er i pakt med mandatet og oppdragsbrevet.

### **Resultat**

Nynorsksenteret har sendt forslaget til Utdanningsdirektoratet.

*Utvikle, prøve ut og drifte eit felles nettverk for kunnskapsspreiing i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrifeforskning. Nettverket skal sikre kompetanseutvikling og god samhandling mellom lærarar, skuleleiarar og skoleeigarar.*

### **Aktivitet**

Lesesenteret, Skrivesenteret og Nynorsksenteret har kome i gang med planlegginga av eit nytt nettverk for kompetansespreiing mellom lærarar, skuleeigarar og skuleleiarar.

### **Resultat**

Dei tre sentera har ikkje fått prøvd ut det nye nettverket fordi arbeidet med planlegginga først kom i gang på slutten av året.

# RAPPORTERING PÅ STRATEGIPLAN/TILTAKSPLAN

## 1. Status for gjennomføringa av tiltaksplanen

Sjå Tiltaksplan for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa her:  
[www.nynorsksenteret.no/tiltaksplan/](http://www.nynorsksenteret.no/tiltaksplan/)

Resultata for dei fleste tiltaka i 2010 blir rapporterte under aktivitetane i oppdragsbrevet 2010–2011. Tiltak som ikkje fell inn under oppdragsbrevet, vert rapporterte her:

## 2. Tiltaksrapportering

Mål med tiltak	Status, oppnådde resultat og evt. avvik (også økonomiske)
<b>1 Barnehage</b>	
<b>Mål</b> Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar.	
<b>Tiltak</b> Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar for leik og læring på nynorsk for barn	Sjå rapportering for oppdragsbrevet.
<b>2 Barnetrinn</b>	
<b>Mål</b> Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet	
<b>Tiltak</b> Setje i gang prosjekt med følgjeforsking for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål	Sjå rapportering for oppdragsbrevet. Nynorsksenteret har i gang fleire leseprosjekt på barnetrinnet der lesing av moderne nynorsk barnelitteratur er ein viktig del av prosjektet. I 2011 vil senteret få tilbakemeldingar om leseprojekta frå lærarane som er med.  Sjå: <a href="http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493">www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493</a>

## 3 Ungdomstrinn og vidaregåande opplæring

### Mål

Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk gjennom bruk av læremiddel og læringsressursar på nynorsk i fleire fag.

### Tiltak

#### For elevar med bokmål som hovudmål:

Setje i gang prosjekt med følgjeforsking der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig, ev. 3 + 3 år, og minst 10 skular skal vere representerte.

#### For elevar med nynorsk som hovudmål:

Setje i gang prosjekt med følgjeforsking med fokus på skriveopplæring i alle fag. Prosjektet skal vere treårig, og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål, til dømes Sogndal, Ørsta, Lom.

Sjå rapportering for oppdragsbrevet.

Fem skular har i gang prosjekt med utgangspunkt i lesing av nynorsk skjønnlitteratur. Av dei er det to ungdomskular og tre vidaregåande skular.

Sjå:  
[www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493](http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493)

### Tiltak

- Bidra til å utvikla materiell retta mot elevar/lærarar på yrkesfagleg utdanningsprogram
- Gjere fagtekster på nynorsk tilgjengelege for målgruppa
- Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet
- Tilby kurs for personar med lærlingansvar i lærlingbedrifter i område der nynorsk er opplæringsmål for lærlingar

Sjå rapportering for oppdragsbrevet.

## 4 Språklege minoritetar

### Mål

Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål

<p><b>Tiltak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby kurs for kompetanseheving i nynorsk for lærarar som underviser etter læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoritetar</li> <li>• Utvikle digitale læringsressursar på nynorsk for vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn</li> <li>• Utvikle støttmateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn</li> </ul>	<p>Sjå rapportering for oppdragsbrevet.</p>
<h2>5 UH-sektoren/forsking</h2>	
<p><b>Mål</b> Senteret skal gjennom forskings- og utviklingsarbeid bygge opp og vidareutvikle kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i grunnopplæringa.</p>	<p>Nynorsksenteret har samla, systematisert og spreidd resultat frå forskings- og utviklingsarbeid på nettstaden til senteret. Utviklingsprosjekt som Nynorsksenteret har sett i gang er også dokumenterte på ulike måtar på nettstaden. T.d. rapportar, artiklar, undervisningsopplegg, filmar osv.</p>
<p><b>Tiltak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrking av samarbeidet om forskingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrke kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa</li> <li>• Opprette stipendiatstilling for forsking knytt til prosjektet for elevar med nynorsk som hovudmål (sjá ungdomstrinn/vidaregåande skule)</li> <li>• Tilby stimuleringsstiltak for studentar og lærarar som tek særskild utdanning i nynorsk</li> <li>• Utvikle etterutdanningstilbod i lesing og skriving på nynorsk for lærarar i andre fag enn norsk</li> </ul>	<p>Sjå rapportering for oppdragsbrevet.</p> <p>Sjå forskingsrapport frå Møreforskning: <a href="http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/2010_Moreforsk_VoldaUngdomsskole.pdf">www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/2010_Moreforsk_VoldaUngdomsskole.pdf</a></p> <p>Nynorsksenteret har oppretta ei stipendiatstilling i tverrfagleg skriving på nynorsk.</p> <p>I samarbeid med Høgskulen i Volda har senteret tilbode deltaking i seminar om nynorskopplæring for studentar og lærarar. I samarbeid med Høgskulen i Volda har senteret utvikla eit etterutdanningstilbod i lesing og skriving på nynorsk i andre fag enn norsk. Høgskulen i Volda driv etterutdanningstilboden.</p>